



Linda Rognsøy
Selfallet 9
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2171 - 16/2144

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
15.02.2016

Byggesak gbnr 45/443 Manger - tomannsbustad - klage - stadfesting av mottak og vurdering av utsett iverksetting

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 05.02.16

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 16.03.16. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Radøy kommune si heimeside

Handsaminga i hovudutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av hovudutvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtatt og underretta til partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det ikkje kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på søkjar/tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult

Pb 103

5291

VALESTRANDSFOSEN

Mottakarar:

Linda Rognsøy

Selfallet 9

5936

MANGER